

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 06.09.2024

Vår ref.: 202405109-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Å Energi Utvikling AS - Høyring av melding om Berlifoss solkraftverk i Nissedal kommune, Telemark fylke

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått melding og konsekvensutgreiing frå Å Energi Utvikling AS (ÅEU) for Berlifoss solkraftverk. Anlegget er planlagt i Nissedal kommune, Telemark fylke.

Meldinga er eit tidleg varsel om planlegging av eit bakkemontert solkraftverk. Meldinga inneheld ei beskriving av prosjektet og eit forslag til kva som skal greiast ut før det blir søkt konsesjon etter energilova.

Solkraftverket er planlagt med ein installert effekt på 114 MWp og ein forventa årleg energiproduksjon på 114 GWh. Det planlagde solkraftverket består av 12 ulike planområde i nærleik til kvarandre, og forventa arealbruk er på ca. 121 hektar.

Frist for å sende høyringsfråsegn er 21.10.2014.

Høyringsfråsegn

Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE først og fremst innspel til:

- manglar i den førebelse konsekvensbeskrivinga i meldinga
- innhald i utgreiingsprogrammet, inkl. tema som manglar, spesielle lokale omsyn og innspel til metodar som bør nyttast i utgreiinga

NVE ber alle om å setje seg inn i ÅEU sitt forslag til utgreiingsprogram. Det er ikkje nødvendig å føreslå innhald til utgreiingsprogrammet som allereie er dekt i forslag til utgreiingsprogram som de kan finne i meldinga.

Etter høyringa vil NVE fastsetje eit utgreiingsprogram som beskriv dei utgreiingane ÅEU må gjennomføre før dei kan søkje om konsesjon.

Dersom ÅEU utarbeider ei konsekvensutgreiing, kan dei søkje om konsesjon for tiltaket etter energilova § 3-1. NVE vil då gjennomføre ei ny høyring og arrangere synfaring og møter i samband med søknaden. Det er først i denne fasen at det skal bli tatt stilling til om tiltaket skal få konsesjon eller ikkje.



Meldinga med utkast til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVEs nettstad for denne konkrete saka: www.nve.no/19296/A-8

For meir informasjon om NVE si konsesjonsbehandling av solkraftsaker viser vi til nettstaden vår: <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonsbehandling-av-solkraft/>

Eventuelle merknader til meldinga og forslag til kva som bør greiast ut for Berlifoss solkraftverk kan sendast via nettstaden til saka, til e-post nve@nve.no (merk med «Høyringsfråsegn 202405109» og oppgi namn/organisasjonsnummer), eller via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Tiltaket bør sjåast i samanheng med NVEs høyring av melding om Gaukås solkraftverk i Nissedal www.nve.no/17233/A-8

NVE vil kunngjere høyringa av meldinga i aktuelle aviser. NVE pålegg hermed ÅEU om å snarast vidaresende dette høyringsbrevet til naboar, tverrbuarar og eventuelt andre som ikkje er oppførte som mottakar av dette høyringsbrevet. Med naboar meiner vi eigedom som har felles grense til tomta som skal byggjast ut. Med tverrbuar meiner vi eigedom kvar veg, gate, elv eller liknande skilje utbyggingsarealet frå ein ramma eigedom. NVE skal ha stadfesting på at utsendinga til naboar og tverrbuarar er gjennomført. Vi gjer merksame på at utgiftene ved kunngjering i samband med høyringa skal dekkast av tiltakshavar.

Frist for å sende høyringsfråsegn er sett til 21.10.2014.

Med helsing

Brynhild Resell
seniorrådgjevar

Kim Robin Holm
seniorrådgjevar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Natur og Ungdom Telemark - Elias Horsfjord Glomnes
Nissedal bondelag - John Olav Fjalestad
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Nissedal - Knut Oddvar Nes
Naturvernforbundet i Vest-Telemark - Torfinn Sanden
Tjønnefoss- og Haugsjåsund vel
Nissedal jeger og fisk
STATENS VEGVESEN
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE



NORGES NATURVERNFORBUND

Forsvarsbygg

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

Norges Miljøvernforbund

Energidepartementet

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Birdlife Norge

Luftfartstilsynet

Norskog

LEDE AS

Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold

AVINOR AS

NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK

Mattilsynet

NHO Reiseliv

Zero Emission Resource Organisation AS

Nissedal kommune

Friluftsrådenes Landsforbund

Norges Skogeierforbund

Norsk solenergiforening

Forum for Natur og Friluftsliv Telemark

Telemark Bondelag

Fortidsminneforeningen i Telemark

Telemark Bonde- og Småbrukarlag

NJFF – Telemark

At Skog SA

Landbruksdirektoratet

Friluftsrådet Sør

Norsk Luftambulanse AS

Norges Televisjon AS

BANE NOR SF

Norsk Friluftsliv

NORGES LUFTSPORTFORBUND

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

TELEMARK NETT AS

OFFSHORE NORGE AS

DNT Telemark

GLITRE NETT AS

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

PYUR ENERGY AS

NHO LUFTFART

Kopimottakarliste:

Å ENERGI UTVIKLING AS